



Professor Gunnstein Akselberg kjem til mållagsmøtet på Solheim midt i april.

**Laurdag 14. april blir det halde årsmøte og temamøte i Kvinnherad Mållag på Solheim Turiststasjon og leiar Kristian Bringedal fortel at Jens Tvedt si dikting vil bli hovudtema. Det er 150 år sidan heimstaddiktaren frå Omvikedalen vart fødd og mållaget vil vera med og markera dette.**

Mikal Heldal og Gunnstein Akselberg vil snakka om Tvedt si dikting og særleg ha fokus på dialektuttrykk og lokale seiemåtar i bøkene hans.

Heldal er frå Tysnes, aktiv i Hardanger Sogelag og har arbeidd mykje med dette temaet. Vossingen Akselberg er professor i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Bergen og ikkje minst kjend frå NRK Hordalands språkspalte "Snakk med oss" som blir sendt annankvar torsdag.

Akselberg har teke doktorgraden på vossamålet. I avhandlinga drøfta han korleis språket vårt varierar og korleis ytre sosiale tilhøve styrer språkleg variasjon. Han har og laga eit veg- og gatenamnleksikon for Vossabygdi.

Professor Akselberg har hatt ei rekkje verv. Han er redaktør av "Namn og Nemne", redaktør av Nordica Bergensia, leiar for sommarkurset i nordisk språk og litteratur og leiar for det nasjonale prosjektet "Talemålsending i Noreg".

Ellers på sakklista for møtet på Solheim står dei vanlege årsmøtesakene og Målblomen 2007.